

Årsmelding Sirdal bygdekvinnelag 2020

Bygdekvinnelaget har 23 medlemmar, der tre har meldt seg inn og ei har meldt seg ut sidan sist. Nå er det mogleg å vera støtte medlem, der ein ikkje har røysterrett, men held oppe medlemstalet i lokallaget. I 2019 og 2020 har det vore prøveordning med at dei under 30 år betalar halv pris for medlemskapet, og den ordninga held fram i 2021.

Kontingenten for 2020 er kr. 680,-, der 84% går til NBK og 16% til fylkeslaget. Lokallaget sponsar kr. 100,- per medlem om ein sjølv bed om det.

Styret 2020:

Leiar: Solveig Marie Ådneram (på val)

Nestleiar: Tone Østtveit Kvinen (eitt år att)

Sekretær: Åse-Berit Fidjeland (eitt år att)

Studieleiar: Helin Morel (på val)

Kasserar: Anita Haugen (eit år att)

1. vara: Siri Fidjeland - møter fast på styremøta (på val)

2. vara: Eva Marianne Tennfjord (på val)

Valkomité: May Britt Ousdal og Karine Tjørhom Myhra (på val)

Revisor: Anne Mette Hovland (på val)

Aktivitetar og arrangement:

Styret hadde konstitueringsmøte 19.11.19, og har hatt seks (6) styremøte i løpet av året. Mest folk trekte bli kjend-turane og temakvelden om søppelsortering med besøk av Steinar Ness og Roald Larsen frå IRS.

26.11.19: Julesamling med Sirdal bondelag sju (7) deltakarar, der seks var SBK-medlemmar og ein person medlem begge stader (medlem)

11.12.19: Persesylytekurs på Tjørhom grendehus der fem (5) damer deltok (medlemsarrangement)

21.01.20: Temamøte om søppelsortering med IRS (Interkommunalt renovasjonselskap) med 25 frammøtte (ope møte)

08.02.20: Lefsekurs v/Torbjörg Haugen på grendehuset (åtte deltakarar)

Og så vart Noreg stengt ned pga. Covid-19. Planlagde aktivitetar, som tur for barn på teaterforestillinga *Vaffelhjarte* og blometur, vart avlyste og basaren saman med Sirdal sau og geit vart utsett på ubestemt tid, men me fekk til

27.03.20: Bilkino på Sinnes skule med 14 bilar og 38 kinogjengarar.

04.06.20: Sommaravslutning på Sinnes fjellstue for 16 damer (elleve (11) medlemmar og fem (5) ikkje-medlemmar)

25.09.20: Temakveld (Norspinn/ølsmaking B20) - avlyst pga. for få påmelde

Tradisjonen tru arrangerte Sirdal bygdekvinnelag "**Peparkakebygda**" saman med biblioteket, dvs. for femte gong, der det kom inn ti (10) bidrag.

Lesesirkelen har fått eitt nytt medlem, medan nokon har pause innimellom, men det er stort sett sju damer som møtest om lag ein måndag i månaden på biblioteket for å diskutera den boka me har lese sidan sist. I år har me søkt på å få låna ein forfattar digitalt, og er ein av dei heldige 20 lesesirklane i Noreg som har fått stetta søknaden. Me skal få møta Gert Nygårdshaug! Bygdekvinnelaget har delt ut sju (7) velkomsthelsingar, blom og informasjons-skriv til nye innbuarar, og vil gjerne ha tips så snart nokon flyttar til bygda. Elles rydda to i styret klubbrommet på grendehuset og fann mykje me ikkje visste at me hadde.

Bygdekvinnelaget er aktive både på Facebook og heimeside, der den første er kjekk for å følgja med på kva som skjer, og den siste for møterreferat og ei oppsummering av aktivitetar.

Bli kjend i bygda-turane vert offentleggjorde der, og i år har ein blitt kjend på Haughom og Øksendal (trettitto damer, fire jenter og ein mann), Feed ski-arena (18 kvinner), Guddal og Liland (to jenter og to gutar, 22 damer og tre menn), Skreå (22 kvinner, to jenter, gut og tre menn) og Ådneram for tjuuein bygdekvinner inkludert to bygdejenter og to bygdegutar. Siste turen i år var på golfbanen, der 17 damer inkludert tre jenter var med. I alt har 142 vore med på turane, derav 60 ulike personar, som er opne, og alle var med i konkurransen om eitt års medlemskap i Sirdal bygdekvinnelag. Den heldige vinnaren vart Helin Morel, som gav medlemskapet vidare til Jorid Marie Bjunes. Me satsar på å halda fram neste år òg, med like godt oppmøte, om ikkje betre!

Sirdal bygdekvinnelag var representert på lokallagssamling (22.-23. nov.) med Solveig Marie Ådneram, Siri Fidjeland og Åse-Berit Fidjeland. Solveig Marie Ådneram, som er varamedlem i styret i Rogaland bygdekvinnelag var delegat på digitalt landsmøte i juni, medan Solveig Marie og Åse-Berit røysta på fylkesårsmøtet og sistnemnde skreiv under på protokollen.

Sirdal bygdekvinnelag var 20 år i 2019, og fekk overrekt lysestake i glas med bygdekvinnefargane frå Rogaland BK på lokallagssamlinga i november og pengegåve frå Sirdal bondelag på førre årsmøtet.

I år melde me oss på markeringa av verdas matvaredag 16. oktober i samarbeid med Sinnes skule. Det førte til partering av eit lam og bruk av heile dyret v/Stian Espedal 12. oktober, der det òg vart lodda ut ti (10) stykningsdelar. 16. oktober laga 6. klasse lammegryte som alle på skulen fekk smaka. Me fekk mediadekning i Agder (lesarinnlegg) og SirdalMedia.

Fidjeland 18.10.20, Åse-Berit Fidjeland (skrivar)



Sirdal bygdekvinnelag